

BACHELOROPPGÅVE

Barns seksualitet – tabu, eller berre ubehageleg?

Ei oppgåve om kvifor barns seksualitet ikkje blir snakka om i barnehagen.

av

Kandidatnummer: 2
Elisabeth Dale Larsen
Kandidatnummer: 17
Marianne Nyhus

Children's sexuality – is the subject taboo, or just uncomfortable?

Førskulelærerutdanninga

SF3-312

Mai, 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Barns seksualitet – tabu, eller berre ubehageleg?) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 2, Elisabeth Dale Larsen

JA NEI

Kandidatnummer 17, Marianne Nyhus

JA NEI

Innhald

| | |
|---|----|
| 1 Innleiing | 5 |
| 1.1 Oppbygging..... | 5 |
| 1.2 Omgrepsavklaring..... | 6 |
| 2 Metode | 7 |
| 2.1 Grunngeving design..... | 7 |
| 2.2 Kvalitativ og kvantitative metodar | 7 |
| 2.3 Pilotprosjekt | 8 |
| 2.4 Val av informantar..... | 9 |
| 2.4.1 Datainnsamling intervju | 9 |
| 2.4.2 Datainnsamling spørjeskjema | 11 |
| 2.4.3 Analyse | 11 |
| 2.4.4 Etske omsyn..... | 12 |
| 3. Teori..... | 13 |
| 3.1 Seksuelle barn | 13 |
| 3.1.1 Seksuell utvikling | 13 |
| 3.1.2 Seksuelle uttrykk | 14 |
| 3.2 Er barns seksualitet eit ikkje eksisterande tema? | 15 |
| 3.2.1 «Det uskulde barnet» | 15 |
| 3.3 Overgrep tar over | 16 |
| 3.3.1 Overgrep i media | 16 |
| 3.4 Redd for å snakke om barns seksualitet? | 17 |
| 3.4.1 Taus kunnskap | 17 |
| 3.5 Barns seksualitet – usynleg i barnehagen | 17 |
| 3.5.1 Rammeplanen | 18 |
| 3.6 Reaksjon i personalet | 18 |
| 3.7 Retningslinjer..... | 19 |

| | |
|--|----|
| 3.8 Forsking | 19 |
| 3.9 Uheldig utvikling..... | 20 |
| 3.10 Historisk tilbakeblikk | 20 |
| 4 Presentasjon av empiri..... | 22 |
| 4.1 Barns seksualitet som tema i barnehagen | 22 |
| 4.2 utfordringar med tema barns seksualitet..... | 22 |
| 4.3 Seksualitet i utdanning | 23 |
| 4.4 Arbeid med barns seksualitet i personalgruppa..... | 25 |
| 5 Drøfting..... | 26 |
| 5.1 Historisk syn | 26 |
| 5.2 Tabu | 27 |
| 5.3 Overgrep tar over | 27 |
| 5.3.1 Redde for å bli mistenkt | 28 |
| 5.4 Taus kunnskap/holdningar | 29 |
| 5.5 Usikre på tema | 29 |
| 5.5.1 Manglande kunnskap | 30 |
| 5.6 Felles retningslinjer | 30 |
| 5.7 Viktig, men usynleg | 31 |
| 6 Avslutting..... | 32 |
| Litteraturliste..... | 34 |
| Vedlegg..... | 36 |

1 Innleiing

I denne oppgåva har me valt å ta føre oss barns seksualitet. Grunnen til at me valte dette temaet er fordi me har høyrte så lite om det i praksis og i utdanninga, i tillegg fann me ingenting om temaet i rammeplan for barnehagen. Før me starta med bachelor, var det nokre studentar ved høgskulen som inviterte Margrete Wiede Aasland til å halde foredrag om barns seksualitet på skulen. Aasland er spesialist i sexologisk rådgjeving. Frå før hadde me kun hatt om overgrep mot barn. Aasland gav oss eit bilete av at barn er seksuelle allereie frå dei er foster. Dette var heilt nytt for oss, og det gjorde at me tykte det var eit spennande tema, sidan me aldri har høyrte om det før. Aasland fortalte oss kor viktig det er å snakke om barns seksualitet, og måten me reagerer på deira seksuelle er uttrykk, er særst viktig for deira seksuelle utvikling. Ho fortalte og at særst få barnehagar arbeider med barns seksualitet, og det gav oss stor inspirasjon til å finne ut kvifor ein ikkje snakkar om det når det er så viktig. Derfor lyder hypotesa/problemstillinga vår slik: Me trur at barns seksualitet ikkje blir tatt opp som tema i barnehagen, og lurar på kva som er grunnen til det. Etter kvart som me intervjuar og las teori, såg me at barns seksualitet nesten ikkje blir snakka om i personalgruppa heller. Derfor ville me sjå litt på det og.

Sidan me aldri hadde høyrte om at barn er seksuelle før Aasland snakka om det, ville me finne litt meir ut om det før me starta. Då fann me verdens helseorganisasjon sin definisjon på seksualitet, og men fann ein del forskarar som skreiv om barns seksualitet. Verdens Helseorganisasjon (Ryste, 2013) har lagt fram at barn er seksuelle, og dei definerer seksualitet som ein integrert del av menneskets personlegdom. Samleie og evna til å få orgasme er ikkje det same som seksualitet, seksualitet er så mykje meir. Det handlar om å søke kjærleik, varme og nærleik. I tillegg blir tankane, kjenslene, samspelet med andre menneskje og handlingane påverka. Seksualitet er ein viktig del av barnas utvikling og helse (Ryste, 2013). Fleire forskarar innanfor sexologifeltet er einige om at barn er seksuelle. Bancroft (2003), Langfeldt (2000) og Træen (2008) slår alle saman fast at barn er seksuelle allereie som foster.

1.1 Oppbygging

Barns seksualitet er eit viktig tema, men som blir lite snakka om. Det er lite forskning og litteratur om det (Kimerud, 2009). Me har starta med ein omgrepsavklaring på barns seksualitet, barns seksuelle uttrykk og tabu, for å få ei innsikt i kva som ligg i dei ulike omgrepa. I teorien har me starta direkte med kva barns seksualitet er og korleis utviklinga går føre seg. Deretter tek me føre oss om det er eit ikkje-eksistrende tema, og kva som kan vere grunnar til at det har blitt det. Me har valt å sette opp oppgåva på denne måten for å setje lesar inn i kva barns seksualitet omhandlar. Heilt til slutt har me

med litt historisk tilbakeblikk for at ein skal sjå korleis utviklinga har vore. Sidan det ikkje finst så mykje teori på området, har det vore vanskeleg for oss å finna relevant litteratur. Me har plukka ut den litteraturen som er nyast på dato, og mest relevant for oppgåva vår.

1.2 Omgrepsavklaring

Barns seksualitet: Allereie frå barna er nyfødt skjer den aktuelle opphissinga ved direkte berøring av kjønnsorgana (Langfeldt, 2000). Barnet vil bli seksuelt tent i forskjellige situasjonar, og reaksjonane frå omverda vil vere forskjellig. Det er noko som vil vere med på å forme grunnlaget for eit barns forståing av eiga seksualitet (Skarpsno, 2013).

Barns seksuelle uttrykk: Det handlar om barn som driv med seksuell leik, utforsking av eigne kjønnsorgan, utforsking saman med andre barn og kropps- og verbal kommunikasjon retta mot andre barn, eller vaksne (Kimerud, 2011, s. 175).

Tabu: I daglegspråket har tabu betydning som «det ein ikkje pratar om». Det kan til dømes vere vold mot ektefelle, seksuelle vanar og liknande. Grunnar til at slike tema ikkje blir prata om kan vere for å ikkje skape dårleg stemning, men kan og ha andre grunnar til kvifor ein ikkje pratar om det (Wikipedia, 2013).

2 Metode

Metode blir definert som ein framgangsmåte for å få fram kunnskap eller prøve ut påstandar som skal vere sanne, gyldige eller haldbare. Metoden fortel og om korleis ein bør gå til verks for å skaffe eller prøve ut kunnskap. Ein vel metode ut i frå det ein meiner vil gje oss gode data, og belysa spørsmåla på ein fagleg interessant måte (Jacobsen, 2010). Metoden må gå i tråd med undersøkinga vår.

2.1 Grunngeving design

I forhold til hypotesa vår var det viktig for oss å få fram kor mange som tek opp barns naturlege seksualitet i barnehagen. Me leita etter forskning på dette, men det er eit tema som ikkje så mange arbeider med. Det blei derfor vanskeleg å finne tal på dette. Sidan me kun skulle intervju fire pedagogisk leiarar frå kun to kommunar, var det vanskeleg for å oss å vite om det dei svara gjeld for resten av landet og. Me ville vite sånn cirka kor mange som snakkar om barns seksualitet i barnehagar. For å sikre dette valde me design-triangulering. Det vil sei at me hadde både kvalitativ og kvantitativ metode, i form av intervju og internett-basert spørjeskjema. Me valte då å sende ut spørjeskjema til andre barnehagar for å finne ut om dei snakka med barn om seksualitet. Derfor sendte me ut spørjeskjema før me gjorde intervju. Sidan svara gav same konklusjon, fekk me eit sterkare resultat. Dette blir og kalla å validere. (Jacobsen, 2010) Dei to metodane utfyller og kvarandre, og kan verke som ein kritisk test av kvarandre. Dei to metodane utfyller og kvarandre, og kan verke som ein kritisk test av kvarandre (Ibid).

2.2 Kvalitativ og kvantitative metodar

Den kvalitative metoden handlar om å fange opp meiningar og opplevingar som ikkje let seg talfeste eller måle. Den går i djupna og får fram det som er spesielt eller eventuelt avvikande. Ein har spørsmål til informantane utan faste svaralternativ. Poenget med å bruke kvalitativ metode er at data som blir samla inn, får fram samanheng og heilskap. Under kvalitativ metode har ein eit eg-og-du-forhold med informanten (Jacobsen 2010).

Sidan me var to på gruppa valde me å ha ein som intervju og ein som skreiv. Då hadde ein av oss kontakt med informanten heile tida, medan den andre skreiv. Ein god samtale krev at ein har augnekontakt, noko som gjer notatskriving vanskeleg (Dalland, 2012). Sidan me var to, gjekk dette

greitt. Derfor brukte me ikkje bandopptakar. Det var eit val me gjorde sidan mange blir nervøse av bandopptakarar. I tillegg fekk informantane våre moglegheit til å lese det me hadde skrive etterpå, for å godkjenne. Me spara oss og arbeid med å transkribere det personen sa etterpå, sidan me skreiv undervegs. Ei ulempe med dette er at me ikkje får nytta like mange sitat frå informantane. Me kan kun nytte dei sitata me skreiv direkte av (Jacobsen, 2010).

Den kvantitative metoden gjev data i form av målbare einingar. Får fram eksakte tal til undersøkinga. Den går i breidda, og datainnsamling skjer utan nokon direkte kontakt med informantane. Ein får eit eg-det-forhold med informantane (Dalland, 2012).

Forskjellane på desse er at kvalitativ metode blir sett på som tolking, medan kvantitativ blir karakterisert som teljarar. (Ibid)

Eit problem med å velje standardisert skjema er at ein ikkje alltid vil få all informasjon ein burde hatt (Jacobsen, 2010). Det er viktig at ein stiller dei rette spørsmåla, for å sikre validitet. Validitet vil sei at svara har relevans for hypotesa/problemstillinga vår (Dalland, 2012). Med spørjeskjema får ein ikkje moglegheit til å spørje om alt. Ein kan derfor risikere å trekke slutningar på eit for tynt grunnlag. Denne ulempa kan ein unngå ved at undersøkinga er godt forberedt (Larsen, 2007). Dette var noko me sjølv opplevde. Me fekk ein del e-post med tilbakemelding, på at dei som svara ja på at dei tar opp barns naturlege seksualitet, men tek det kun opp når barna spør om det, ikkje som eige tema. Derfor ser me i ettertid at me burde hatt eit spørsmål om dette, og om dei har det som eige tema, eller tar det opp i naturlege settingar.

2.3 Pilotprosjekt

Før me sende ut spørjeundersøkinga, gjorde me eit pilotstudie. Det går ut på at me føretar oss ein intensiv studie fyrst for å sikre oss at svara me får vil vere relevante for oppgåva (Jacobsen, 2010). Kort sagt vil det seie at me sende undersøkinga til ein person før me sende det til informantane våre. Personen skulle svare, og deretter gje oss tilbakemelding på korleis spørjeundersøkinga fungerte, i tillegg til at me fekk sjå om svara var relevante. Me fekk tilbakemelding på om spørsmåla var forståelege, om svaralternativa var gode og korleis spørjeundersøkinga såg ut. Utforminga av spørsmåla er særst viktige sidan det blei sendt ut over internett. Dersom dei ikkje forsto spørsmåla ville det vore vanskeleg for dei å kontakte oss for å finne ut av det. Derfor er det viktig at spørsmåla er enkle og forståelege for alle, for at me skulle få best mogeleg svar (Dalland, 2012). Det var berre tre korte spørsmål, og me fekk derfor ikkje noko tilbakemelding på at noko burde endrast. Men då me fekk svar frå barnehagane såg me at me burde gjort om fyrste spørsmålet.

Intervjuet prøvde me og ut før me intervjuar dei me hadde som informantar. Intervjuet er lenger og har fleire spørsmål, så der blei det ein god del endringar. Det fyrste me fekk tilbakemelding på var at spørsmåla var litt rotete oppstilt. Me fekk derfor samla dei slik at dei passa betre saman, og kom som små tema. Ein del av spørsmåla var og litt vanskeleg å forstå, og derfor konkretiserte me dei, og gjorde dei meir forstålege. Slik vil me og unngå feilkjelder i intervjuet, ved at informanten forstår spørsmålet, og at me som intervjuar forstår svaret. (Dalland, 2012)

2.4 Val av informantar

I spørjeundersøkinga valte me å kontakte styrarar i barnehagar. Det gjorde me fordi styrar har kontroll over heile barnehagen, og ikkje berre ei avdeling. Då kunne styrar svare for heile barnehagen. For å velje ut barnehagar gjekk me inn på nettet og plukka ut tilfeldige kommunar i landet ved å berre trykke på nokre som dukka opp. Deretter tok me føre oss dei fyrste e-post adressene til barnehagane som dukka opp i kvar av kommunane. Me gjorde derfor eit tilfeldig val av kommunar og barnehagar (Dalland, 2012).

Før me skaffa oss informantar, vurderte me å intervju foreldre og, men fann fort ut at det blei litt for mykje å ta tak i, og heller ikkje relevant i forhold til problemstillinga vår. Det viktigaste med oppgåva var å intervju pedagogiske leiarar og styrarar, sidan dei er fagpersonar i feltet. Ved å intervju fagpersonar kan dei bidra til nye perspektiv på problemstillinga. Mange har og referansar til andre ressurspersonar og faglitteratur på området. Sidan me utdannar oss til førskulelærarar og dei er førskulelærarar vil me og oppleve at me snakkar same «språk», og kan derfor unngå ein del misforståingar (Dalland, 2012). For å få litt variasjon valde me å kontakte førskulelærarar frå to kommunar. Me passa på at me fekk både menn og kvinner, med i ulik alder og arbeidserfaring. Me valte ut personar me kjente frå før, sidan dette er eit tema som kan vere vanskeleg å prate om. Sidan me plukka personar me kjente til visste me at me fekk både førskulelærarar, styrarar, menn og kvinner, gjorde me eit strategisk val (Ibid).

2.4.1 Datainnsamling intervju

Før intervjuet byrja me å lese litt teori, for å finne gode og relevante spørsmål til intervjuet. Då me hadde funne problemstilling, prøvde me å finne spørsmål knytt direkte opp til den. Me ynskte å få fram enkeltmenneskjers meiningar om temaet vårt, og valte derfor å ha individuelle intervju.

Intervjuet var strukturert med at me hadde ein intervjuguide med spørsmål som me fylgde. I forhold til kvar intervjuet skulle gjerast, lot me informantane bestemme sjølve. Det enda opp med at me reiste til dei, sidan dette i dei fleste tilfelle blei gjort i deira arbeidstid. Konteksteffekten kjem inn her.

Det handlar om at kor intervjuet føregår vil på verke innhaldet i intervjuet. Informantane føler seg tryggare i kjente omgjevningar, i tillegg slapp dei å stresse med å finne fram til høgskulen eller liknande. (Jacobsen, 2010) Ved å reise til deira barnehage fekk me då møte dei ansikt-til-ansikt, noko som aukar moglegheita for å etablere ein personleg relasjon oss i mellom. Noko som kan føre til ein meir open og avslappa samtale. (Ibid)

Me starta intervjuet med å fortelje informantane om bachelor og tema. Det var viktig for oss at informantane var klar over at me valte dette temaet for å få fram kor viktig det er, slik at ingen av dei følte at me angreip dei for ikkje å snakke om barns naturlege seksualitet. Deretter fortalte me kva intervjuet skulle brukast til, og forsikre dei om at både barnehagen og dei som personar er anonyme. Me bygde opp start samtalen på Glesne og Peshkin si liste frå Dalland (2012, s. 150). Lista består av åtte punkt som dei nyttar som ei sjekkliste for kva som bør seiast før ein startar eit intervju. Dei seier at ein skal fortelje kven ein er, kva ein driv med, kvifor ein gjer det, kva intervjuet skal brukast til, korleis me har valt ut informantar, fordeler og ulemper til den som blir intervjuet og sikring av anonymitet. Dei nemner og at ein skal forklare at ein ikkje er ute etter å dømme, men forstå, at det ikkje er riktige eller gale svar, kor lang tid samtalen kjem til å ta og naudsynet av notatane under samtalen.

Sidan dette er eit tema som kan vere vanskeleg å snakke om vil me og gjere klart at dersom det er spørsmål dei tykkjer er vanskelege har dei lov å lata vera å svara på. (Dalland, 2012) I byrjinga av intervjuet startar me med spørsmål angående deira yrke, utdanning og kor lenge dei har arbeidd. Slik får me starta samtalen med noko som er enkelt å svare på, som skapar ein mjuk start på intervjuet. Det å starte samtalen med spørsmål som ein veit intervjupersonen kan svare på utan særleg betenkingstid, vil vere med på å få informanten til å føle seg trygg, sidan dette er eit tema som kan vere vanskeleg å prate om. Ein slik innleiande samtale vil då vere nøytral (Dalland, 2007).

Me hadde med nokre lukka spørsmål, som kun kan svarast ja eller nei på. Desse gjekk direkte inn på problemstillinga. Me la til nokre underspørsmål til desse, som kvifor eller kvifor ikkje og korleis. Det handlar om at intervjuet ikkje skal vere for strukturert og heller ikkje ustrukturert. Ved å ha intervjuet heilt strukturert vil mange av spørsmåla få faste svaralternativ. Då vil det passe betre i ei spørjeundersøking. Ved å ha intervjuet heilt ustrukturert kan ein ha lett for å ikkje få svar på ein del av dei viktige tema ein vil belysa (Dalland, 2012). I etterkant av intervjuet, kom me på nokre spørsmål me burde hatt med, i forhold til teorien vår. Teorien sa noko om kvifor mange er redde for å snakke om barns seksualitet i barnehagen. Me spurde informantane våre kvifor dei ikkje tek barns seksualitet, og då svara dei at det var på grunn av foreldra. Der burde me hatt eit

oppfølgingsspørsmål på korleis dei trur foreldra ville reagert. Derfor hadde det vore lurt å lest endå meir teori før me skreiv intervjuguiden.

2.4.2 Datainnsamling spørjeskjema

Me tok føre oss tre korte spørsmål i forhold til om dei pratar om det, kor ofte og om dei har, eller har hatt tilbod om kursing i temaet. Deretter hadde me to til fire svaralternativ til kvart spørsmål. Då fekk me tilbake målbare svar. Spørsmåla er korte, konkrete og kan ikkje tolkast på meir enn ein måte. Ingen av spørsmåla har svaralternativ "veit ikkje". Slik unngår me at informantane kan velje å ikkje svare på spørsmålet. Me vil då få eit meir målbart svar (Jacobsen, 2013). Spørjeskjemaet blei sendt ut via e-post. Der forklarte me kva oppgåva går ut på, og korleis spørjeundersøkinga fungerer. Me tok og med kva høgskule me kjem frå, og namna på oss, for å gjere det meir trygt for dei å svare. Alt dette gjorde me for å få så mange svar som mogeleg.

Me sende ut spørjeskjemaet til 17 barnehagar fordelt på to kommunar. Ei ulempe ved å velje e-postintervju og internett-baserte skjemaer er at dei har lågast svarprosent, på cirka 10% svar. (Jacobsen, 2010) Me valte likevel å bruke e-post, men nytta internettsida [surveymonkey.com](https://www.surveymonkey.com). Då fekk dei e-post om spørjeundersøkinga, der dei trykte på ein link og undersøkinga dukka då opp via ei nettsida. Etter ei veke hadde me kun fått inn fire svar. Då bestemte me oss for å sende skjemaet ut til 100 barnehagar rundt om i landet, for å få så mange svar som mogeleg. Me enda opp med ein svarprosent på cirka 50. Me hadde undersøkinga ute i tre veker, og sende tre påminningar for å få så mange svar som mogeleg.

2.4.3 Analyse

Då me var ferdige med intervjuet såg me litt på ulike analysemetodar for korleis me skulle sette opp svara me hadde fått. Me fann fram til at tematisk bearbeiding vart enklast både for oss, og for å bevare anonymiteten til informantane våre. Tematisk bearbeiding vil sei at me lagar ei liste over tema me ynskjer å legge vekt på for å kunne svare på problemstillinga. (Dalland, 2012) Me hentar kvart svar frå kvart av intervjuet og set dei inn under passende tema. Slik vil me og få ein betre oversikt om dei svarar likt eller ulikt. Det krev at me følger intervjuguiden og tar opp dei same tema med alle intervjupersonane (Ibid). Om tema ikkje er besvart, forklarar me kvifor.

I forhold til internettbasert spørjeskjema, kjem statistikken opp i søylediagram automatisk. Derfor er alle svara klare til å hentast ut. Ved at søylediagrammet kjem opp automatisk unngår me å gjere

statistisk feil. Ved til dømes at me ikkje får me oss alle svara, eller at me les svara feil (Jacobsen, 2010).

Me har valt å bruke søylediagram fordi det er meir oversiktleg enn eit kakediagram (Jacobsen, 2010). Ein anna grunn til at me valte det er at spørjeundersøkinga, surveymonkey.no, set opp svara både som prosent og i søylediagram. Den horisontale sida viser prosentandel, medan den vertikale sida viser svaralternativa.

2.4.4 Ethiske omsyn

Spørjeundersøkinga har me utført internett-basert. Då brukte me sida som heiter surveymonkey. Der kjem svara deira opp som søylediagram, utan at dei er kopla opp mot e-post adressene deira. Derfor kan me legge ut bilete av dette i bacheloren vår, utan at nokon kan finne ut kven me har spurd, eller kva kvar enkelt har svart. I tillegg er det enkle spørsmål som ikkje kan koplant opp mot person eller barnehage. Me kan derfor sikre barnehagane full anonymitet. Det vil seia at det ikkje er mogeleg å kople informasjonen med opplysningar om enkeltpersons eller barnehagens identitet (Jacobsen, 2010).

I intervjuet starta me med enkle opningsspørsmål som kva utdanning og stilling dei har, og kor lenge dei har arbeidd. Dette er noko me ikkje tar med i oppgåva, sidan dei då enklare kan identifiserast. I empirien har me ikkje gjeve informantane våre fiktive namn, sidan ein då kan sjå samanheng mellom svara deira. Dette har me gjort sidan me har så få informantar. Sidan me møtte informantane ansikt-til-ansikt var det viktig for oss å fortelje dei om teieplikta. Sjølv om namna deira og informasjonen deira ikkje vert nemnd i bacheloren, er det og viktig å få fram at me heller ikkje går til andre og fortel kven me har intervjuet og kva dei har svara (Dalland, 2012). Då me ringde barnehagane forklarte me litt kva intervjuet ville handle om slik at dei kunne bestemme seg etterpå.

3. Teori

Me måtte velje teori utifrå problemstillinga vår, som vil seie at me har eit teoretisk perspektiv (Dalland, 2012). Teorien skal hjelpe oss til å formulere ein konklusjon. Om teorien stemmer med empirien, vil det vere med på å gje oss eit funn som er lettare å stole på, sidan det er empirien, virklegheiten, som har det siste ordet (Ibid). Me har brukt mykje teori frå Langfeldt, Skarpsno og Kimerud sidan det finst lite ny litteratur på området.

3.1 Seksuelle barn

Mange trur framleis at seksuelle kjensler og reaksjonar er noko som dukkar opp i puberteten. Slik er det ikkje. Me er alle født som seksuelle vesen, og kan allereie som foster vise teikn til seksuell nyting (Engdahl, 2003, s. 3).

Både barn og vaksne kan bli opphissa og få orgasme. Allereie frå barna er nyfødte skjer den aktuelle opphissinga ved direkte berøring av kjønnsorgana. Når kjønnsorgana blir stimulert går det signal inn til ryggraden og ut i til underlivet (Langfeldt, 2000). Skarpsno (2013) seier seg einig med Langfeldt (2000) om at barns kjønnsorgan fungerer slik som vaksne sine. Ho skriv og at ein har observert spontan ereksjon og fuktigheit i skjedeinngangen hjå nyfødde.

Ifølge Skarpsno (2013, s. 29) meiner Aigner/Centerwall (1984) at dei fleste forskarar meiner at seksualdrifta er medfødd og at sjølv nyfødde har evna til å ha seksuelle opplevingar. Mennesket er sensuelle vesen som nyt berøring. I byrjinga nyt barna dei vaksne sin berøring. Det gjev barna anerkjenning av deira eigen kropp. Alle er født med den seksuelle opphissinga som eit dagleg fenomen og den blir oppfatta som ein god, varm følelse i underlivet. Det vil igjen føre til at barnet vil bli interessert i kjønnsorgana sine. Barnet vil bli seksuelt tent i forskjellige situasjonar, og reaksjonane frå omverda vil vere forskjellige. Det er noko som vil vere med på å forme grunnlaget for eit barns forståing av eiga seksualitet. Reaksjonen frå dei vaksne rundt barna vil derfor ha stor betydning (Skarpsno, 2013).

3.1.1 Seksuell utvikling

Frå fire - seksmånadsalderen blir barna flinkare til å bruke musklane i hensikt til samspel. Det blir lettare for dei å finne fram til kjønnsorgana og stimulere dei. Men på denne alderen kan foreldra lett hindra barna i å ha kontakt med kroppen sin ved å for eksempel ta hendene vekk frå kjønnsorgana.

Barn kan og eventuelt få ein rapp på fingeren. Når slike ting skjer kan barna fort få ein oppleving av at det dei gjer er galt, og dette fører då vidare at det blir gale å ha kjønnsorgan (Langfeldt, 2000).

Den direkte stimuleringa er viktigast opp til to-tre årsalderen fordi då byrjar barna å bli oppatt av kvarandre sine kjønnsorgan. Barna blir opphissa av at andre tek på dei, og det er no den fyrste eksperimenteringa byrjar. I denne alderen kan enkelte barn også få orgasme (Langfeldt, 2000).

Barn i tre – fireårsalderen snakkar og lærer ting av kvarandre. Dei er blitt flinkare til å bruke kroppen og dei lærer om seksualiteten av andre og dette helst litt eldre barn. Barna i denne alderen byrjar å leike meir seksuelle leiker som doktor, mor, far og barn. I nokre tilfelle vil barna onanere når dei leikar disse leikene (Langfeldt, 2000).

3.1.2 Seksuelle uttrykk

Det er viktig at barn får lære dei seksuelle uttrykka slik at dei får moglegheit til å spørje om andre og si eiga seksualitet, det vert då enklare for dei å snakke ut om det som er vanskeleg. Men foreldre tykkjer ikkje at det er behov for å fortelje barna om seksualitet før dei sjølv spør, og det er her foreldra missforstår. Barna kan ikkje spørje om noko dei ikkje veit noko om, så derfor er språket viktig og at dei lærer dei seksuelle uttrykka (Langfeldt, 2000).

Det er forskjellig kor mykje barn utforskar. Nokre barn tar på seg sjølv medan andre barn ikkje gjer det. Nokre barn er meir nysgjerrige og aktive enn andre når det gjeld utforsking av eigen og andre sin kropp. Men om utforskinga og det at dei tar på seg sjølv er seksuelt eller ikkje kan ikkje andre enn barnet som gjer det sjølv vite. Barn som tar seg sjølv på tissen kan gjere det for å kjenne korleis tissen kjenner ut eller som utforsking i forhold til kropp, på same måte ein ville gjort med øyrer eller tær, eller det kan vere at barnet gjer det fordi barnet tykkjer det er godt. Me som vaksne veit ikkje kvar fokuset er. Mange vaksne vil sjå på ei slik hending som noko seksuelt, noko som og viser at vaksne i stor grad brukar definisjonsmakt i møte med barn (Kimreud, 2011, s. 174). Bae (1995) forklarar definisjonsmakt som at vaksne trur dei veit betre enn barna om korleis deira situasjon vert opplevd for dei.

Som Skarpsno (2013) sa vil det ha stor betydning for barna korleis me reagerer på deira seksuelle uttrykk. Thore Langfeldt er spesialist i klinisk psykologi og sexologi og er landets fremste ekspert innanfor fagfeltet. Han seier at barn har seksuelle leikar, og onanerer. Han rådar alle til å vise respekt for barns privatliv og medfødde nysgjerrigheit (Ibid).

Ifølge Engdahl (2003, s. 3) seier seinorrådgivar Ulla Ollendorff i sosial- og helsedirektoratet at barn ikkje er fordomsfulle eller sjenerte. Det er lett å prate med barn om seksualitet. Ventar ein for lenge derimot, er det ofte for seint. Då er temaet allereie blitt flaut og vanskeleg for dei å snakke om. Tabuet ligg hjå dei vaksne, ikkje barna. Det heile handlar derfor om å gjere vaksne tryggare på temaet, og at ein forstår kor viktig dette er for barna.

Hegge (2013) seier at seksuelle erfaringar ikkje blir sett ord på, noko som fører til tabuisering. Barna får inga erfaring, så seksualitet får derfor ikkje ein naturleg og anerkjent plass i barnas liv.

3.2 Er barns seksualitet eit ikkje eksisterande tema?

Dei fleste vaksne avviser barnas seksualitet både direkte som vil seie gjennom å ikkje ville snakke om det og indirekte ved at dei har manglande kunnskap. Ein lærer seg tidleg korleis ein skal forholde seg til kroppskontakt og berøring, og barneåra har stor betydning for korleis ein kjem til å fungere seksuelt, men sjølv om ein veit om dette har dei vaksne ein trong til å avvise barnets seksualitet gjennom å ikkje villa snakke om det, og indirekte gjennom at ein ikkje har kunnskap om temaet (Langfeldt, 2000). Kimerud (2011) seier seg einig i dette. Ho skriv at mange vaksne vil føle seg forlegne eller usikre, og prøver å stoppe barn som utforskar eigen kropp, om dei opplever det.

3.2.1 «Det uskulldige barnet»

Kimerud (2011) trekker fram to grunnar til kvifor ho meiner at barns seksualitet ikkje blir prata om. Den eine er at mange ser på som barnet som «uskuldig». Dei fleste som ser på barn som uskulldige vil heller ikkje sjå på barn som seksuelle vesen. Uttrykket «det uskyldige barnet» er kunnskap som er blitt konstruert over mange år, og er ofte synonymt med at barn er «ikkje-seksuelle». Derfor blir seksualitet eit usynleg tema som ikkje vert diskutert eller problematisert. Det handlar om at vaksne skal beskytte og ha omsorg for barna. Det er noko som ikkje blir reflektert rundt, men som burde bli det. Det er stort sett i det vestlege samfunn at barn blir snakka om som uskyldige. Ein snakkar om at ein har «mista sin uskuld» når ein snakkar om den seksuelle debuten (Kimerud, 2011, s. 179).

Kimerud (2011) reflekterer rundt kvifor dette bilete av det uskulldige barnet framleis eksisterer. Ho lurar på om det kan vere eit behov for vaksne å sjå på barnet på denne måten. Me lever i dag i eit samfunn som blir meir og meir seksualisert. I media får ein heile tida inntrykk av at alle typar sex er akseptert. Det er ikkje lenger truskap og normer, men individ og egne behov. Derfor kan mange kanskje få behov for at barn skal vere uskyldige og useksuelle, barnet som motvekt til eit samfunn der «alt» er tillate (Kimerud, 2011, s. 180).

3.3 Overgrep tar over

Den andre grunnen er at mange ser på barns seksuelle uttrykk som teikn på overgrep. Derfor er det mange som blir urolege når dei oppdagar barn som utforskar eigen eller andre sin kropp (Kimerud, 2011, s. 174). I dagens samfunn er mange redde for overgrep, og det å ikkje snakke om barns seksualitet ser mange på som eit tiltak for å beskytte barna mot overgrep (Ibid).

Langfeldt (2000) støttar dette med å seie at det har vore ein del diskusjonar, og at seksuelle overgrep er vorte eit framtrédande tema i barnehagar. Dette er eit tema som bør bli teke på alvor. Langfeldt har sett at når ein skal komma fram til ulike symptom, som viser at barn har vore utsett for seksuelle overgrep, fører mangel på kunnskap om barns normale seksualitet på problem. Ein del klarar ikkje å skilje mellom normal og avvikande seksualitet. Dei vaksne byrjar meir og meir å vere observante med barns seksuelle leikar. Det fører då til at barna mistar ein stor del av eiga privat kultur. Foreldre er meir tilbakehaldne med nakenheit saman med barna sine. Dersom dei oppdagar at barna onanerer, prøver dei å avleie dei med ein gang. Dette er på grunn av at dei er redde for å bli beskyldt for overgrep og incest (Langfeldt, 2000).

3.3.1 Overgrep i media

I media og dagens samfunnsdebatt er det stort fokus på problematikken rundt seksuelle overgrep mot barn. Fokuset på barns seksualitet derimot er svært lite. I masteroppgåva til Kimerud (2009) gjorde ho eit overflatesøk gjennom cirka 200 artiklar. Funna viste at det kun var ein artikkel som omhandla barns seksualitet. For mange kan denne overgrepssproblematikken vere truande, og derfor gjere at dei har vanskeleg for å snakke ope rundt barns eigen seksualitet. Kimerud seier og at mange kan vere redde for å bli mistenk for å ha bakanforliggende hensikter om dei pratar for mykje om barns seksualitet (Kimerud, 2011, s. 181).

I 1992 starta Bjugn-saka. Dette var ei stor sak der ein mannleg barnehageansatt og fleire andre vart mistenkt, og seinare arrestert for seksuelle overgrep i ein barnehage i Bjugn kommune. Saka kom mykje fram i media og har i ettertid prega livet i barnehagane (Skarpsno, 2013). Fleire menn i barnehagar har i ettertid hatt saken meir hengande over seg enn andre. Lars Eliot Jensen som var barnehageassistent både før og etter Bjugn-saka seier at han alltid må forholde seg til ein redsel og mistanke mot seg. Han passar alltid på at han har toalettdøra open når han skifter på barn, eller hjelper dei på toalettet. Slik følte han seg tryggare på at ingen kunne mistenke han for noko. Lars fortel og at han var i jobbintervju i ein barnehage, der menn ikkje fekk lov til å skifte bleier på barna (Jensen, i Skarpsno, 2013, s. 22).

3.4 Redd for å snakke om barns seksualitet?

I Skarpsno (2013) finn me og ei praksisforteljing, der ein mannleg pedagogisk leiar fortel at han var ute med ei barnegruppe. Me kallar han for Johan. Johan måtte tisse og på tur må ein gjere dette i det fri. Han går litt vekk i frå barna og tissar der. Plutseleg oppdagar han at det sit to barn lenger oppe i bakken og ser på han. Det fyrste Johan då tenkjer er kva som kan skje dersom barna kjem heim i fortel at dei har sett tissen hans (Skarpsno, 2013).

Engdahl meiner at mange tykkjer det er vanskeleg å snakke om seksualitet til barn. Ein del foreldre meiner det er alt for tidleg å snakke om dette i barnehagen. Mange vaksne, spesielt menn, er redde for at ved å ta opp dette med barna vil dei verke spesielt interessert og skremme foreldra med tanke på seksuelle overgrep mot barn. Alt er med på gjere det vanskeleg for foreldre å godta at dette skal vere tema i barnehagen, og vanskeleg for dei som arbeider i barnehagen å prate om (Engdahl, 2003, s. 3).

3.4.1 Taus kunnskap

I barnehage vil ein møte foreldre med andre tankar rundt barns seksualitet enn barnehagen. Barnehagen skal alltid vise respekt for eventuelle ulike syn. Det er viktig at ein skapar ein god gjensidig dialog der foreldra får fremje sitt syn. Gjennom dialog kan begge partar utvikle ein større forståing for kvarandre sine synspunkt (Gjervan m.fl. 2006). Taus kunnskap kjem og inn når det gjeld foreldre. Foreldre handlar også på bakgrunn av sin tause kunnskap.

I barnehageverda er omgrepet taus kunnskap kjent. Taus kunnskap er kunnskap som ikkje kjem fram skriftleg. Den sit i bevisstheita og kroppen på barnehagepersonalet. Det er rutinar og handlingar som dei vaksne gjer automatisk utan å reflektere over kvifor ein gjer det (Skarpsno, 2013). Ein ser korleis andre handlar, og gjer det på same måte utan å tenkje over det. Barns naturlege seksualitet er ofte prega av dette. Det er noko som sjeldan vert prata om, ein reagerer utan å alltid å tenkje over kvifor. Sidan barns seksualitet og er noko som sjeldan vert teke opp i utdanninga har ein heller ikkje teori eller kunnskap å legge det til (Skarpsno, 2013).

3.5 Barns seksualitet – usynleg i barnehagen

Leif Askland (2000) har gjort seg nokre erfaringar og konkludert med at førskulelærarutdanninga ikkje tek opp seksualitet som eit eige tema gjennom utdanninga. Undervisninga går meir inn på det området som er prega av overgrep mot barn. Han skriv og at det ikkje står noko i rammeplanen som

går direkte inn på barns seksualitet. Det kjem kanskje litt innom nokre av dei andre fagområda, som for eksempel fysisk fostring, der menneskekroppen kjem fram (Askland, 2000).

Skarpsno (2013) skriv at barns seksualitet er eit tema som må settast på dagsorden i barnehagen, noko som Kimerud (2011) og seier seg einig i. Det er eit tema som bør vere oppe på personalmøte og avdelingsmøte. På avdelingsmøte får ein då moglegheit til å reflektere over enkeltbarn, og korleis dei best mogeleg kan jobbe med temaet seksualitet i si barnegruppe. For å få inn ny tankar, talemåtar og endring, er det viktig å reflektere over eigen praksis, og bruke praksisforteljingar, til å sjå situasjonar frå fleire sider og komme fram til nye idear. I barnehagen kan ein ta utgangspunkt i rammeplanen i høve til barns seksualitet (Skarpsno 2013). Døme på det kan vere: «*Barn er kroppslege aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen*» (KD, 2011 s.41).

3.5.1 Rammeplanen

Rammeplanen seier at barnehagen skal gje barna moglegheit til ein allsidig utvikling. Når ein veit at barn er født seksuelle vil det då bli ei side av barns utvikling som og må ivaretakast. Derfor er det viktig at dei vaksne i barnehagen diskuterer og reflekterer rundt barns seksualitet. Ein må få fram eigen ståstad, eige religions syn på seksualitet, og finne fram til eit felles grunnlag som barnehagen skal forholde seg til. Rammeplanen seier ikkje noko direkte om barns seksualitet, men kan tolkast som det (Kimerud, 2011). I rammeplanen står det fleire plassar om barns utvikling. På side 31 i rammeplanen står det: «Omsorg er nært knytt til oppseding, helse og tryggleik og er samtidig ein viktig føresetnad for utvikling, læring og danning» (2011, s. 31). Seksualitet er og noko som vert utvikla, og kan då settast under barns helse og utvikling.

I FNs barnekonvensjon derimot, seier punkt 16 at: «1. Ingen barn skal utsettes for vilkårlig eller ulovlig innblanding i sitt privatliv, sin familie, sitt hjem eller sin korrespondanse, eller for ulovlige angrep mot sin ære eller sitt omdømme» (s. 14). Punktet seier at barn har rett til eit eiga privatliv utan innblanding frå vaksne (Ibid).

3.6 Reaksjon i personalet

Korleis barnehagepersonalet reagerer på barn som utforskar eigen eller andre sin kropp, kjem heilt an på personalets ulike verdiar, perspektiv og kunnskap. For å auke profesjonaliteten er kunnskap og kritisk refleksjon rundt dette heilt naudsynt. Folk må starte å prate om det, og temaet må takast opp innanfor barnehagefeltet. Kunnskapen om barns seksualitet må konstruerast på nytt (Kimerud, 2011, s. 182)

Ein må skape meir refleksjon og samstundes få fram behovet for meir kunnskap rundt barns seksualitet (Kimerud, 2009). Kimerud (2011) seier og at sidan det er så tematisert innanfor barnehageforskning og undervisning gjer at pedagogane som veit om temaet, er utan fagleg kompetanse og reflekterte haldningar. Korleis pedagogar handlar når dei oppdagar barn som utforskar eigen kropp vil vere knytt til deira holdningar til dette, i forhold til eigen praksis. Då vil mange stoppe barna, sidan dei ser på det som den einaste løysninga (Kimerud, 2011, s. 173). Når ein reagerer på ein slik måte, er det viktig at ein stiller spørsmål om yrkesutøvinga kan forsvarast som ein profesjonell måte å reagere på. Ein ser då at den tause kunnskapen kjem inn (Ibid).

Mange vaksne klarar ikkje, eller ynskjer ikkje, å sjå på barn som seksuelle. Med ei slik haldning vil ein minske kunnskapsproduksjonen innanfor barnehagefeltet. Ser ein barn som utforskar sin eigen eller andre sin kropp, skyv mange tanken vekk, og søker heller ikkje etter kunnskap rundt temaet. Slik vil ein heller ikkje få forståing av kva dette inneber (Kimerud, 2011, s. 173). For å få større aksept for at barn er seksuelle vesen må ein prate om temaet. Ved å diskutere vil ein få til retningslinjer i barnehagen, for korleis ein skal reagere på barns seksuelle uttrykk.

3.7 Retningslinjer

Poenget med at barnehagar skal utvikle retningslinjer, er at barnehagen skal ivareta barnas behov og møte dei som unike menneske. Dersom barna vert møtt med usikkerheit vil dei, sjølve bli usikre. Om ein barn, til dømes blir møtt med forbod og strengheit om dei onanerer, kan dei risikere å påføre barnet skam- og skuldkjensle. Barna skal ha ei avslappa og sunn utvikling. Barn har behov for å leike sine seksuelle leikar i fred (Kimerud, 2011).

Gjervan m.fl (2006) meiner at eit godt samarbeid mellom personalet skapar dei beste føresettingane for samarbeid mellom dei og foreldra. Gjennom undring og refleksjon over ulike synspunkt, vert det gitt rom for moglegheit for ny læring og utvikling. I møtet med foreldra vil dei verdiane og haldningane som råder, prege måten foreldra vert møtt på. Det er viktig at ikkje berre dei som arbeider i barnehage veit at barns onani er naturleg, og nødvendig for at barn skal bli kjend med eigen kropp og kjensler. Foreldra må få vite kor viktig dette er. Utan foreldras samtykke vil ein ikkje kome igjennom med det. (Engdahl, 2003, s.3)

3.8 Forsking

Engdahl ga ut temamagasin for foreldre, om barn og seksualitet, for å bevisstgjere foreldra og bidra med råd. I 2009 søkte Kimerud etter forskning omkring tematikken *små barns seksualitet*, og fann ut

at innanfor den norsk pedagogiske barnehageforskning er det gjort svært få studiar på området. (Kimerud, 2009). Fråværet i forskning er framtreddande i mange land. Friedrich (2003) seier og at det er relativt lite forskning på området. Rademakers, Laan og Straver (2003) seier noko liknande. Dei fortel at det har blitt gjort lite vitenskapleg forskning på barns seksuelle utvikling, og den seksuelle aktiviteten til barn under 12 år.

3.9 Uheldig utvikling

Om vaksne forstyrrar og stoppar leiken kan det føre til at seksuelle leiker og utforsking blir opplevd som noko negativt, og som ein ikkje bør gjere. Det kan vidare vere med på å gje barnet problem og alvorlege konsekvensar for seksualiteten i vaksen alder (Skarpsno, 2013).

Ved at vaksne nektar barn å utforske kroppen sin kan barna få eit vanskeleg forhold til sin eigen kropp og seksualitet. Noko ein og må tenkje på er at ein kan signalisere skam rundt det med kropp og seksualitet utan at ein tenkjer over det. Har ein sjølv eit vanskeleg forhold til at barn tar på seg sjølv, vil ein vise dette ubevisst. Barn plukkar opp slike signal. Barn speglar sin seksualitet i forhold til oss vaksne, og spesielt foreldre. Derfor bør vaksne som har med barn å gjere vere trygge på vår eigen kropp og seksualitet for å vise dette til barn (Engdahl, 2003, s. 3).

Mange barn onanerer, og i følgje Wiede Aasland (2009) er det cirka 90 % som gjer det. For barn er det viktig å få kunnskap om kor det passar å onanere. Dei må lære at i sosiale samanhengar og under middagselskap for eksempel, passar det seg ikkje. Men dei kan lære at dei fleste menneskje gjer det for seg sjølv. Det er cirka 90% av oss som sender ut signal om at barn har blitt utsett for seksuelle overgrep, når dei ser at eit barn onanerer (Skarpsno 2013). Det er ofte lett å sjå om gutane onanerer, men vanskelegare å oppdage at jentene gjer det. Jenter kan onanere på forskjellige måtar sidan klitoris sit så tett inntil kroppen. Gutar vil oftare bruke hendene for å stimulere seg sjølv, medan jentene har oftare for å henge på bordkantar, stolkantar også vidare for å gni seg mot det, medan andre sit på golvet å ruggar. Det som fyrst og fremst pregar barns seksuelle aktivitet er utforsking. Dei prøver og undersøker. Det er slik dei finn ut om seg sjølv og omverda. Det medfører og at dei undersøker sin eigen og andre sin kropp. Derfor kan ein ofte oppdage barn som gøymer seg, kler av seg og ser på kvarandre (Langfeldt, 2000).

3.10 Historisk tilbakeblikk

Ein av dei fyrste som skriv om barns seksualitet var Jean-Jacques Rousseau (1712 til 1778). Hans tankar om barnet var at barnet var uskuldig. Han støttar Samuel Auguste Andre David Tissot, som var

lege og epidemiolog, som meinte at onani var ein alvorleg fysisk og psykisk sjukdom. Rousseau sa derfor at for å hindre onani var det viktig å oppdra barna rett.

På 1800-talet kom Nervologen Jean Martin Charcot (1825-1893) inn som ein av dei mest sentrale i den tidlege sexologien. Han meina at onani var farleg fordi medfødde perverse instinkt kunne utviklast. Eleven hans var den meir kjente Sigmund Freud (1865-1939) Charots tankar blei ein stor del av Freuds seksualteori. Freud påsto at barn var født polymorft perverse, som vil sei at det opptrer i mange former. Homoseksualitet blei sett på som perverst, og Freud meinte at barn vart fødde biseksuelle. Freuds teoriar blei svært kritisert, men han blei berømt for at han knytte seksualitet og psykologi sammen (Skarpsno, 2013).

Wilhelm Stekel (1868-1940) var ueinig med Freud. Han meinte at onani ikkje var skadeleg, og at barn onanerer mellom 3-4 års alderen og fram til puberteten, noko Freud meinte dei ikkje gjorde. Albert Moll (1862-1939) var på lag med Stekel, og meinte at barn var fødd med ein naturleg seksualitet (Skarpsno, 2013).

4 Presentasjon av empiri

Empiri handlar om å setje seg inn i andre sin situasjon, prøve å forstå korleis dei ser på temaet me har tatt føre oss. Det som er viktig med empirien er at den er gyldig og relevant, og at den er påliteleg og truverdig (Jacobsen, 2010).

I forhold til problemstillinga har me bestemt oss for fire tema som passar. Dei kvalitative data er presentert i tekst i forhold til passende tema. Spørsmåla er samla i tema som passar saman. Dei kvantitative data er sett opp som søylediagram under temaet seksualitet i barnehagen.

4.1 Barns seksualitet som tema i barnehagen

Alle informantane våre svara at barns naturlege seksualitet er eit viktig tema i barnehagen. Tre av informantane svara at dei snakkar med barna om kropp og kroppsdelar, men nemner ikkje noko som har med barns naturlege seksualitet å gjere. Om barna spør spørsmål om dette, svarar dei, men tek det ikkje opp som eige tema.

Informantane har opplevd barn som tek på seg sjølv, og utforskar sin eigen og andre sin kropp. Dei svara og at dette er noko dei ser på som naturleg. To av informantane svara og at nokre barn utforskar meir enn andre, det kjem an på kor tid dei oppdagar det med å ta på seg sjølv. Ein informant svarar og at det er vår jobb som vaksne å sjå når det går over ei viss grense. Det skal ikkje ta over barnas kvardag. Noko anna som og vart sagt er at viss fleir barn er involvert i utforsking er det viktig at ein tek omsyn til kvart av barnas grenser.

4.2 utfordringar med tema barns seksualitet

Då me kom til utfordringar med tema barns seksualitet i barnehagen, svara to av informantane våre at dei vel å ta vekk temaet barns naturlege seksualitet for viktigare tema, men nemner ikkje kva viktigare tema er. Det kjem og fram at ein ikkje tek det opp fordi ein er usikker på korleis ein skal arbeide med det, og føler seg derfor ikkje trygg på temaet. Ein informant svarar at dei ikkje tek det opp fordi det er deira tabutema. Medan den siste informanten sa at dei ikkje tek det opp på grunn av at alle har forskjellige haldningar til dette temaet.

Me spurde og informantane om dei har fått førespurnad frå foreldre om barn som utforskar sin eigen kropp, svara to av informantane at dei har det. Det er foreldre som lurar på korleis dei skal reagere


og handtere desse situasjonane. Dei to andre svara at dei føler det er noko foreldra sjeldan tar opp, sidan det er eit tabubelagt tema.

Til slutt spurde me informantane om dei tykkjer barns naturlege seksualitet er eit tabubelagt tema, men alle svara då at det ikkje er det. Eine informanten sa og at det var meir tabubelagt for dei utanfor barnehagen. I barnehagen er dei fleste einige om at det å utforske kroppen sin er naturleg for barn. Men det kan vanskeleg for verda utanfor å sjå på det som naturleg. Alle informantane sa at dei kunne snakke ope om barns seksualitet i personalgruppa, men at det er vanskelegare å ta opp med foreldre.

4.3 Seksualitet i utdanning


Bli naturleg seksualitet tatt opp i barnehagen?

Besvart: 52 Hoppet over: 0




Viss ja, kor ofte blir det tatt opp?

Besvart: 38 Hoppet over: 14



Har personalet tilbod om kursing i korleis å prate med barn om naturleg seksualitet?

Besvart: 50 Hoppet over: 2



I intervju sa alle informantane at dei ikkje har hatt om barns seksualitet innafør si utdanning. Tre av informantane svarta at dei har hatt litt om det, men at det då var innanfor temaet overgrep mot barn. Dei sa og at dei føler dei har lite informasjon om barns seksualitet. Kun ein av informantane sa at dei har hatt kurs om det i barnehagen, men det var og knytt opp mot overgrep mot barn. I alle intervju

der det kom spørsmål angående kropp og seksualitet svara alle informantane meir om overgrep, enn normal seksuell åtferd.

Ein av informantane hadde hatt meir om dette temaet enn dei andre. Informanten arbeidde i Oslo på 80-talet, der dei tok føre seg ein heil bydel angående tema barn og seksualitet. Det var og knytt opp mot overgrep, men tok og opp seksualitet. Dette var eit prosjekt som inkluderte alle barnehagar og foreldre i den spesifikke bydelen, det gjaldt alle avdelingane i barnehagen. Dei snakka om kropp og kjønnsorgan med namn. Dei snakka og om grensesetting. Informanten sa og at det var frigjerande å ha dette som tema. Det gav personalet i barnehagane meir kunnskap og større bevisstheit.

Me spurde og om dei har tilgang til fagstoff innanfor tema barns seksualitet til personalet. Ein av informantane svara at dei hadde nokre fagbøker, medan ein anna svara at dei ikkje hadde. Dei to siste informantane svara at dei sikkert har det, men var ikkje sikre.

4.4 Arbeid med barns seksualitet i personalgruppa

Me spurde informantane om barns seksualitet blir teke opp i barnehagen dei arbeidar i. Det blir kun teke opp om det dukkar opp situasjonar i barnehagen, som til dømes dersom dei har fleire barn som er spesielt interessert i kropp og utforsking rundt dette. Då snakkar dei oftast om korleis dei skal reagere om ein oppdagar barn, som til dømes onanerer. Når dei har teke det opp, kjem det fram at dei fleste er usikre på temaet. Eine informanten svara og at informasjon gjev tryggleik, og trygge vaksne skapar trygge barn.

Deretter spurde me om dei har like grenser i personalgruppa angående korleis ein reagerer på barn som tek på seg sjølv. Alle informantane hadde ulike svar på dette, der ein svarar at dei ikkje har det, nokon vil alltid reagere meir enn andre. Ein anna informant svarar at dei prøver å ha like grenser. Det same svarar ein anna, men at det er vanskeleg sidan dei ikkje har lik haldning til temaet. Men dei prøver å ha nokre grenser på kva som ikkje er lov. Den siste informanten sa at dei har like grenser på avdelinga, men ikkje i barnehagen.

Ein av informantane fortalte oss at alle som arbeider i barnehage vil reagere litt forskjellig. Det kjem an på situasjonen, i forhold til kor openlyst det skjer, og kor ofte det skjer. Nokon reagerer med å sei at barnet skal gå for seg sjølv, medan andre tek det opp med foreldre. Informanten sa og at det kjem an på haldningane til dei vaksne. Som ein av informantane våre sa: «*Me har med oss verdjar som gjer at me handlar ulikt.*»

5 Drøfting

Drøfting handlar på mange måtar om å diskutere teorien og empirien ein har samla. Drøftinga skal belyse problemstillinga ein har. Det er viktig å få fram når teori blir brukt, når data presenterast, og når det er egne synspunkt som blir trekt inn. I drøftinga dreg me saman det me har lært av prosjektet og korleis kunnskapen heng saman med det som allereie eksisterer av kunnskap (Dalland, 2012).

Hypotesa vår er at få barnehagar tek opp barns naturlege seksualitet som tema i barnehagen, og grunnar til kvifor dei ikkje gjer det. Før me byrja oppgåva hadde me og tankar om at det var lite kunnskap på området hjå førskulelærarar. Me er ikkje ute etter å dømme eller vurdere informantane og barnehagane. Men me hadde eit ynskje om å få innsikt i situasjonen rundt temaet barns naturlege seksualitet, og bruken av det i barnehagen og utdanning.

5.1 Historisk syn

Når me ser på historia rundt barns seksualitet ser me at det har vore mykje usemje opp igjennom åra. Stekel (1868-1940) og Freud (1865-1939) var svært ueinige om barns seksualitet. Freud meinte onani var farleg og at barn onanerer frå 3-4 års alderen og fram til puberteten. Stekel meina derimot at barn er født med ein naturleg seksualitet og at det heller ikkje var skadeleg (Skarpsno, 2013). Informantane våre er einige med Stekel, og svara at dei meiner at det er naturleg at barn tek på seg sjølve.

Roussesau (1712-1778) var ein av dei fyrste som skreiv om barns seksualitet, og hans tankar var at barnet var uskuldig. «Det uskuldige barnet» er noko som heng att den dag i dag. Spesielt i den vestlege verda blir dette uttrykket mykje brukt (Kimerud, 2011). Ein ser på barn som uskuldige og ikkje-seksuelle. Det handlar om å beskytte barna frå verda som blir meir og meir seksualisert. Seksualiteten blir derfor eit usynleg tema. Det er heller ikkje noko som blir reflektert rundt (Ibid). Ein av informantane svara noko liknande. For dei som arbeider i barnehagen er det naturleg at barn er seksuelle, men at det kan vere vanskelegare for verda utanfor barnehagen å sjå på barn som seksuelle.

Den eine informanten vår sa at på 1980-talet hadde dei eit prosjekt om barns seksualitet. Dei blei tatt opp i ein heil bydel i Oslo, der alle barnehagar og foreldre var involvert. Det var ein stor openheit rundt dette, og noko ho såg på som lærerikt og frigjerande. Dei andre informantane som har jobba på 1990-talet og utover har ikkje hatt noko om temaet. Askland (2000) har og gjort erfaringar rundt dette og konkludert med at førskulelærarutdanninga ikkje tek opp seksualitet som eit eige tema

gjennom utdanninga. Kan ein av grunnane til at mange ikkje snakkar om seksualitet i barnehagen vere at dei ikkje har hatt om det?

På nokre måtar kan det sjå ut som at me går framover når det gjeld barns seksualitet, medan på andre måtar ser ut som om me stagnerer. Kva er det som gjer at me ikkje kan snakke ope om barns seksualitet?

5.2 Tabu

Utifrå det me har lest i teorien og det informantane våre har svart, føler me at barns seksualitet er eit tabubelagt tema. Hegge (2013) legg fram at sidan barns seksualitet ikkje vert prata ope om, vil sei at det er eit tabutema. Seinorrådgivar Ulla Ollendorff i sosial- og helsedirektoratet seier og at det er eit tabutema, men kun hjå dei vaksne. Dette stemmer ikkje med det informantane våre svarar. Alle sa seg ueinige i at barns naturlege seksualitet er eit tabutema. Dei svara at det var greitt å prate om, men ofte vanskelegare når det gjaldt foreldre. Den eine informanten svara før i intervjuet at dei valte å ikkje ha om barns seksualitet som tema i barnehagen fordi det er deira tabutema. Sidan informanten før i intervjuet svarar at barns seksualitet ikkje er eit tabutema, motseier informanten seg sjølv. Bjørn Engdahl (Engdahl, 2003, s.3) seier at spesielt foreldre meiner det er for tidleg å ta opp seksualitet i barnehagen. Kan det vere fordi det er lite kunnskap på området og at det ikkje blir snakka om?

5.3 Overgrep tar over

Ein av grunnane til at barns seksualitet kan bli tolka som eit tabuområde kan vere at ein høyrer så mykje om overgrep mot barn. Dette stemmer godt overeins med det informantane våre svara. Alle informantane våre sa at dei ikkje har hatt om barns seksualitet som eige tema i utdanning eller kurs. Og det kan derfor sjå ut som mange har manglande kunnskap på dette feltet. Alle har hatt om overgrep mot barn, der ein liten del handlar om barns seksualitet. Dei veit at dei må følge med barnas seksualitet for å oppdage teikn som kan tyde på at dei har vore utsett for overgrep. Etter det me har lest i teorien, og det informantane svarar, ser det ut som om at dei ikkje veit kva som er normalt for barn å gjere. Derfor kan derfor vere vanskeleg for dei å sjå forskjell på kva som er naturleg, og kva som er avvikande seksualitet blant barn.

Sidan barns seksualitet stadig blir knytt opp til overgrep, lurar me på om dette kan gjere at folk er ekstra redde for å ta opp temaet. Når me ser på teorien er det fleire saker som handlar om overgrep. Spesielt i media er dette stort fokus på. Blant anna har me lest om Bjugn-saka som vart stor i media. Denne kom ut i 1992, der det var ein mann i barnehagen, og fleire andre som vart mistenkte og

seinare arrestert for overgrep mot barn. (Skarpsno, 2013) I tillegg seier Kimerud (2011) at i media og dagens samfunnsdebatt er fokuset veldig stor på overgrep og ikkje barns naturlege seksualitet. Kimerud (2009) gjorde og eit overflatesøk i masteroppgåva si, der ho fann ut at av cirka 200 artiklar var det kun ein som omhandla barns seksualitet. Då me snakka med informantane fortalte dei at barns seksualitet ikkje var vanskeleg å prate om i personalgruppa, men vanskeleg å ta opp med foreldre. Kvifor er det vanskeleg å ta opp med foreldre, og kva er det eventuelt dei er redd for?

5.3.1 Redde for å bli mistenkt

Foreldre har og vorte meir forsiktige i følgje Langfeldt (2000). Dei har vorte meir tilbakehaldne med nakenheit saman med barna sine, og prøver ofte å avleie dersom dei oppdagar at barna onanerer. Dette gjer fordi dei er redde for å bli mistenkt for overgrep og incest (Langfeldt, 2000).

Mange vaksne i barnehagen, og spesielt menn, er redde for at dei kan verke spesielt interesserte i barn, om dei tek opp seksualitet med barna. Det kan vere med på å skremme foreldra med tanke på seksuelle overgrep (Engdahl, 2003, s. 3). Me ser med dette at det ikkje berre er foreldre som er redde for å bli mistenkt, men at det og gjeld barnehagepersonalet. Informantane svara ikkje at dei er redde for å bli mistenkt, men at det og gjeld barnehagepersonalet. Informantane svara ikkje at dei er redde for å bli mistenkt, men at dei ikkje ville ta opp barns seksualitet som tema, fordi dei er redde for korleis foreldra vil reagere på dette. Dei svarar likevel at dei kan snakke ope om det i personalgruppa, men at det er vanskeleg å ta opp med foreldre. Kvifor er det slik at dei er redde for å ta opp dette med foreldra? Kan det vere at det berre er eit tema som er vanskeleg å ta opp, eller er dei redd for å skremme foreldra om overgrep?

I praksisforteljinga til Johan fortel han at han tissar ute og at to barn såg han. Med ein gong vert han bekymra for kva som kan skje dersom barna fortel heime at dei har sett tissen hans (Skarpsno, 2013). I dette tilfellet har ikkje Johan gjort noko gale, men er likevel nervøs for kva som kan skje. Hadde ei kvinne tenkt same tanken om ho blei oppdaga av barn i same situasjon? Kva med Jensen som hadde open dør når han skifta på barn for å sleppe å vere redd for at andre skulle mistenke han for noko (Skarpsno, 2013)? I tillegg opplevde han ein barnehage som ikkje lot menn skifte bleie på barna. Det kom mykje i media om Bjugn-saka. Kan det ha vore med på å gjere at me har blitt ekstra redde og forsiktige? Når me ser dette i forhold til empirien vår, kan ein få samsvar. Fleire av informantane svara at dei ikkje tek opp barns seksualitet som tema i barnehagen sidan dei er redde for korleis foreldra vil reagere på det. Korleis trur dei foreldra vil reagere på dette? Er dei redde for at dei skal bli mistenkt for noko?

5.4 Taus kunnskap/holdningar

Informantane svara at barns seksualitet kun vert teke opp i personalgruppa dersom dei til dømes har barn som er spesielt interessert i kropp og utforsking. Men då snakkar dei som oftast om korleis dei skal reagere dersom dei oppdagar barn som til dømes onanerer. Kimerud (2009) seier at ein må reflektere for å få fram kunnskap rundt barns seksualitet. Det er viktig at ein stiller kritiske spørsmål til korleis ein reagerer på barns seksuelle uttrykk for å få fram profesjonaliteten. Det er viktig at ein reflekterer og pratar om det både i personalgruppa og med foreldre for å få større aksept om at barn er seksuelle. For oss kan det sjå ut som at mange handlar ut ifrå egne haldningar utan at det vert prata om, noko som og fører til taus kunnskap rundt temaet. Ved å ikkje prate om det får ein heller ikkje meir kunnskap. Som eine informanten svara: «Trygge vaksne, skapar trygge barn.» Ein annan informant sa og at dei ikkje tek opp temaet fordi dei ikkje føler seg trygge nok på det.

Når me ser på spørjeundersøkinga ser me at cirka 55 prosent av barnehagane snakkar med barn om seksualitet. Men me fekk e-post av fleire som forklarte at dette som regel gjaldt når barna sjølv stilte spørsmål. Når ein deretter ser på kor mange som har hatt vore på kurs angående temaet, ser me at 82 prosent svarar nei eller at dei ikkje har hatt behov for det. I tillegg har Langfeldt (2000) gjort erfaringar med at barns seksualitet ikkje vert teke opp som eige tema i førskulelærarutdanninga. Informantane svara og at dei ikkje hadde, eller ikkje visste om dei hadde fagstoff om temaet i barnehagen. Korleis kan dei vaksne snakke med barn og svare på barns spørsmål om barns seksualitet viss dei ikkje har kunnskap om det? Kan det vere at dei då svarar ut i frå det dei trur er rett, og det dei har sett andre svara? Altså taus kunnskap.

5.5 Usikre på tema

Alle informantane svara at det er sjeldan dei snakkar om barns seksualitet, men når dei gjer det kjem det fram at dei fleste er usikre på temaet. Dette er noko som stemmer overeins med teorien til Langfeldt (2000). Han seier at dei fleste vaksne avviser barns seksualitet både direkte og indirekte. Det handlar om at ein ikkje vil snakke om det og avviser det (Langfeldt, 2000). Kimerud (2011) seier at vaksne har eit behov for å sjå på barn som uskuldige. Det handlar om at vaksne har eit ynskje om å sjå på barn som uskuldige. Dei er «ikkje-seksuelle». Dette kan vere noko som heng att frå 1700 – talet, og dei fyrste tankane rundt barns seksualitet. Rousseau var den som var fyrst ute med å seia at barnet var uskuldig. Dette stemmer ikkje med det informantane våre svara. Dei meiner at barn er seksuelle og at det er normalt at barn onanerer. Ein av informantane sa at det som er viktig er å passe på kvart enkelt barn, og at dei er komfortable dersom dei har seksuelle leikar med andre.

5.5.1 Manglande kunnskap

Ein av grunnane til at informantane føler seg usikre på temaet barns seksualitet kan vere at dei har lite kunnskap om det. I forhold til Kimerud (2009) sitt resultat over artikkelar om barns seksualitet, der så og sei alle omhandla overgrep, ser me det at litt av det same skjer i utdanning. Leif Askland (2000) har og erfart at førskulelærarutdanninga ikkje tek opp seksualitet som eige tema, men at det er knytt til overgrep mot barn. Dette er noko som og informantane støttar opp under, sidan alle som har hatt noko om barns seksualitet svara, at det var eit undertema knytt til overgrep mot barn. Det står heller ikkje noko direkte om det i rammeplanen (Askland, 2000). Kvar gong dei har hatt om barns seksualitet innanfor utdanning og jobb, har det alltid handla om overgrep mot barn. Etter det me har fått svar på ser me at fokuset har vore stort på overgrep, i høve til det som er naturleg for barn. Me lurar derfor på om folk vert ekstra redde rundt dette temaet fordi dei stadig høyrer om overgrep. Ein har ikkje nok kunnskap til å vite kva som er normalt, og at dette faktisk er noko som er normalt at barn gjer (Askland, 2000). Dette kan vere ein av grunnane til at dei har lite kunnskap om barns seksualitet, nettopp fordi det ikkje blir teke opp som eige tema, men som korte undertema.

Ein annan grunn til at dei har lite kunnskap, kan vere at det er stort fråvær av forskning på barns seksualitet i fleire land (Kimerud, 2009). Kimerud (2009) seier og at det er stort fråvær i forskning på barns seksualitet i mange land. Dette er og noko informantane våre støttar opp under. Når me spurde informantane om dei har fagstoff om barns seksualitet svara tre av informantane at dei ikkje har det, medan den siste ikkje visste om dei hadde det. Me trur at mange vaksne i barnehagen har mangel på kunnskap sidan informantane svara at dei føler at dei manglar kunnskap, og at kun 18 prosent i spørjeundersøkinga vår svara at dei har hatt om barns seksualitet i utdanning eller kurs. Sidan informantane føler at dei har lite kunnskap kan det nettopp på grunn av dette gjere at dei tykkjer det er vanskeleg å ta det opp som tema.

5.6 Felles retningslinjer

Korleis vaksne reagerer på barns seksuelle uttrykk er svært forskjellig. Når me ser på empirien ser me at informantane svarar at nokon vaksne reagerer meir enn andre. Ein av informantane prøver å ha like grenser for korleis dei reagerer på dette, men at det er vanskelig sidan dei har ulike haldningar til barns seksualitet. Som ein av informantane våre sa: «*Me har med oss verdiar som gjer at me handlar ulikt.*» Kimerud (2011, s. 182) seier og at barnehagepersonalet vil reagere forskjellig etter kva verdiar, perspektiv og kunnskap dei har med seg. I følgje dette er det haldningane våre som styrer korleis me reagerer.

Me ser at informantane våre fortel at dei prøver å ha like grenser, men at det er vanskelig å få til sidan alle har forskjellige haldningar til dette. Då lurar me på om barnehagen har eit fellesgrunnsyn i barnehagen. Kimerud (2011) skriv at ved å diskutere kan ein opne synet sitt og få meir aksept rundt barns seksualitet. I tillegg vil ein då få felles retningslinjer for korleis ein skal reagere på barns seksuelle uttrykk.

5.7 Viktig, men usynleg

Eit av spørsmåla våre til informantane var om dei tykkjer at barns seksualitet er viktig. Der var alle einige i at det er veldig viktig. Sjølv om dei seier det er viktig, seier dei og at dei ikkje har det som tema, men svarar dersom barna stiller spørsmål. Ein av informantane sa og at dei ikkje har om barns seksualitet sidan viktigare tema kjem i staden for. Kva er «viktigare tema»? Dei tek det heller ikkje opp i personalgruppa med mindre det kjem opp hendingar. Skarpsno (2013) seier seg einig i at barns seksualitet er viktig. Ho skriv at dersom vaksne forstyrrar eller stoppar den seksuelle leiken, kan barna få eit negativt forhold til seksualitet. Noko som kan gje alvorlege konsekvensar for seksualiteten i vaksen alder. Fleire er samstemte om denne teorien. Barn kan få eit vanskeleg forhold til eigen kropp og seksualitet (Engdahl, 2003, s.3).

Skarpsno (2013) skriv og at barns seksualitet burde kome på dagsplan i barnehagen. Dette er noko Langfeldt og seier seg einig i (2000). Langfeldt skriv og om barns seksuelle utvikling. Allereie frå fire – seksmånadarsalderen klarar barna å ta på seg sjølv. I to –tre årsalderen vert den direkte stimuleringa viktigast for barna, og etter dette byrjar barna å prate om og lære om seksualitet av kvarandre. Kimerud (2011) seier at det er forskjellig kor mykje barn utforskar. Nokon er svært ivrige, medan andre ikkje er like nysgjerrige og aktive når det gjeld seksualitet. Dette er og noko to av informantane støttar opp under. Ein av informantane sa at det kjem an på kor tid barna oppdagar det med å ta på seg sjølv.

Alle informantane våre svara at dei har opplevd barn som utforskar eigen eller andre sin kropp. Deretter spurde me om dei har fått førespurnad frå foreldre om barns utforsking. To av dei svara ja på dette, og at det handla om korleis dei skulle reagere på dette. Dei sa og at dette er noko foreldre sjeldan tek opp, mest sannsynleg sidan dei tykkjer det er vanskeleg å snakke om. Bjørn Engdahl seier seg einig i dette, og at mange tykkjer det er vanskeleg å snakke om barns seksualitet generelt (Engdahl, 2003, s.3). Han seier og at mange tykkjer det er for tidleg å snakke om barns seksualitet i barnehagen.

6 Avslutting

I oppgåva har me prøvd å finne ut kvifor barns seksualitet ikkje vert teke opp som eige tema i barnehagen og kva som er grunnar til dette. I tillegg har me sett litt på om det vert snakka om i det heile. Me har tatt føre oss relevant teori, intervju og sendt ut spørjeundersøkingar, for å finne ut av dette. Deretter har me sett teorien og empirien opp mot kvarandre for å sjå om det er samstemt eller ikkje. Teorien og empirien var stort sett samstemt, noko som gjorde det enklare for oss å dra konklusjonar, men vanskelegare å drøfte.

Gjennom å arbeide med denne oppgåva har me fått kunnskap og forståing for kor viktig barns seksualitet er for deira vidare seksuelle utvikling. Me ser kor viktig det er å ha kunnskap om barns seksualitet. Det er viktig at dei som arbeider i barnehagar har kunnskap om barns utvikling for å kunne skilje mellom kva som er avvikande og normal åtferd innanfor seksualitet. Me ser at mange handlar utifrå eigne haldningar rundt seksualitet. Om ein har kunnskap om barns seksualitet vil det gjere ein tryggare i høve til området, og trygge vaksne skapar trygge barn. For å få fram kunnskap om barns seksualitet er lurt at ein set det opp på dagsplan. Ein må snakke om det for å få fram kor viktig det er.

Målet vårt med oppgåva var ikkje berre at me sjølve ville finne ut meir om barns seksualitet, men og få andre til å tenkje over det. Ved å intervju og sende ut spørjeskjema, måtte informantane tenkje over kva dei svarte. Det heile vil starte ein prosess der må tenkje over sine haldningar og handlingar. I intervjuet stilte me direkte spørsmål om kva dei tenkjer om barn som onanerer og korleis dei reagerer i slike situasjonar. Dette vil vere med på å få informanten til å reflektere over handlingane sine, og kvifor ein reagerer som ein gjer. Det heile vil vere med på å få dei som var involvert til å tenkje meir over barns seksualitet. Særs få har hatt om barns seksualitet korkje i utdanning eller kurs, og veit derfor lite om det. Det kan føre til at mange ikkje tenkjer over det som eit viktig tema. Ved at me har teke det opp kan det vere med på å få folk til å tenkje meir over kva som ligg i barns seksualitet.

Som me ser på spørjeundersøkinga vår, er det mange som har teke opp barns seksualitet i barnehagen. Men me ser og at særst få har hatt om temaet. Etter å ha skrive oppgåva ser me at vår reaksjon på barns seksualitet er viktig for deira seksuelle utvikling. Viss me reagerer med fy og skam kan det få konsekvensar for barna. Dei kan få eit negativt syn på kropp og seksualitet. Derfor ynskjer me med denne oppgåva å få fram kor viktig det er ha kunnskap om barns seksualitet for å gje barna ein god seksuell utvikling. Vårt ynskje er derfor å få barns seksualitet inn i førskuleutdanninga, i rammeplan og på dagsplan i barnehagen. Me ser at mange ikkje tek opp barns seksualitet i

barnehagen fordi dei er redde for foreldra sin reaksjon på dette. Derfor konkluderer me at barns seksualitet ikkje berre må koma ut til personalgruppa, men og foreldra.

Litteraturliste


- Aasland, M.W. (2009) *Si det til noen*. 2.utgave. Kristiansand: Høyskole-forlaget
- Askland, L. (2000). *På jakt etter seksualiteten – i førskulelærerutdanninga*. *Barnehagefolk*, s. 44-45. Utgiver: pedagogisk forum
- Bae, B. (1995). Voksnes definisjonsmakt og barns selvopplevelse. Skram, D. (Red.), *Det beste fra barnehage og skole* (s. 129-148). Oslo: TANO
- Bancroft, J. (2003) *Sexual development in childhood*. Bloomington, Indianapolis: Indiana University Press
- Dalland, O. (2007) *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 4. utgave. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS 2009
- Dalland, O. (2012) *Metode og oppgaveskriving*. 5. utgave. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS 2012
- Engdahl, B. (2003) *Temamagasinet for foreldre. Om barns og seksualitet*, 83(1), 3
- FNs konvensjon om barnets rettigheter. Vedteken av De forente nasjoner 20. november 1989 Ratifisert av Norge 8. januar 1991. Revidert oversetting mars 2003 med tilleggsprotokollar.
- Friedrich, W. (2003) *Studies of sexuality of nonabused children*. I: J. Bancroft (red.), *Sexual development in childhood* (s. 107-120). Bloomington og Indianapolis: Indiana University Press
- Gjervan, M., Andersen, E. A. & Bleka, M. (2007) *Se mangfold! Perspektiver på flerkulturelt arbeid i barnehagen*. 2. Opplag. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Glesne, C. & Peshkin, A. (1992) *Becoming qualitative researchers – an introduction*. New York: Longman.
- Hegge, B. (2013). *Ingen gjør sånn – en studie av hvordan bekymringer knyttet til barns seksualitet møtes på en barnevernfaglig arena*. Master: Universitetet i Stavanger, Stavanger
- Jacobsen, D. I. (2010) *Forståelse, beskrivelse og forklaring, innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Kimerud, A.T. (2009) *Er små barns seksualitet et ikke- eksisterende og tabubelagt tema, og i tilfelle hva står i veien for mer åpenhet?* HiO-masteroppgave 2009 nr 7
- Kimerud, A. T. (2011) *Konstruksjoner om barns seksualitet*. Otterstad, A. M. & Rhedding-Jones, J. (Red.) *Barnehagepedagogiske diskurser* (s.172-184). Oslo: Universitetsforlag
- Kunnskapsdepartementet. (2011) *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- Langfeldt, T. (2000). *Barns seksualitet*. Oslo: Pedagogisk forum
- Larsen, A.K. (2007) *En enklere metode: veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget

- Leira, Haldis (1990). *Fra tabuisert traume til anerkjennelse og erkjennelse. Del I Om arbeide med barn som har erfart vold i familien*. Tidsskrift for Norsk Psykolog-foreining.
- Ryste, M.E. (2013) Seksualitet. *Store Norske Leksikon*. Henta frå <http://snl.no/seksualitet> Henta den 28.01.2014
- Skarpsno, H. E. (2013) *Barn og seksualitet*. Oslo: SEBU Forlag.
- *Sexuality and family planning*. World Health Organization. Copenhagen: 1984
- Træen, B. & Lewin. B (2008): *Sexuality in Context*. Oslo: Universitetsforlaget
- Wikipedia. (2013). Tabu. *Wikipedia*. Henta frå <http://no.wikipedia.org/wiki/Tabu> Henta 07.05.2014

Vedlegg


Vedlegg 1 – spørjeskjema

Internett basert spørjeskjema. 52 av 100 svarte på undersøkinga.



Viss ja, kor ofte blir det tatt opp?


Besvart: 38 Hoppet over: 14



| Svarvalg | Svar |
|-----------------------------------|-----------|
| ▼ Ein gong i halvåret | 31,58% 12 |
| ▼ Ein gong i året | 18,42% 7 |
| ▼ Skjeldnare | 26,32% 10 |
| ▼ Blir ikkje tatt opp i det heile | 23,68% 9 |
| Totalt | 38 |

Har personalet tilbud om kursing i korleis å prate med barn om naturleg seksualitet?

Besvart: 50 Hoppet over: 2



| Svarvalg | Svar |
|------------------------|-----------|
| ▼ Ja | 18,00% 9 |
| ▼ Nei | 66,00% 33 |
| ▼ Har aldri hatt behov | 16,00% 8 |
| Totalt | 50 |

Vedlegg 2 – intervjuguide

Me går 3. året på førskulelærer, og driv no med bachelor. Temaet vårt er barns naturlege seksualitet, sidan dette er noko me har lært særst lite om.

Intervjuet vil kun bli brukt i bachelor. Namnet ditt og barnehagen sitt vil ikkje bli nemnd verken i bachelor eller til nokon andre. Det er derfor heilt anonymt. Det er svært viktig når me skriv bachelor at informantane våre er anonyme for å oppretthalde det etiske omsynet.

Sidan dette er eit tema som kan vere vanskeleg å snakke om, vil me at du skal føle deg trygg på å sei ifrå viss det er nokre av spørsmåla du ikkje føler deg komfortabel med å svare på.

Me er ute etter å høyre di meining om temaet. Me er ikkje ute etter å dømme, men få ein forståing av kva du tenkjer om barns seksualitet og arbeider med det.

Me kjem til å skrive ned svara dine på pc undervegs, og om du ynskjer kan du få gå igjennom svara etter intervjuet for å godkjenne.

1. Kva utdanning har du?

2. Kva stilling har du?

3. Kor lenge har du arbeida i barnehage?

4. Kva legg du i omgrepet naturleg seksualitet?

Barns naturlege seksualitet handlar om barn som utforskar sin eigen og andre sin kropp. Det å ta på seg sjølv på forskjellige måtar, eller å vere interessert å sjå på andre sine kroppar. Det handlar om kva som er normalt at barn gjer, og ikkje det som er avvikande, og som kan handle om overgrep.

5. Har du hatt noko om naturleg seksualitet som tema i utdanning/kurs/barnehage osv?

-Tema aleine, eller knytt til overgrep?

6. Kva meiner du om å ha om kropp og seksualitet som tema i barnehagen?

-Tykkjer du det er viktig?

-Kvifor/kvifor ikkje?

7. Har de om kropp og kroppsdelar i barnehagen?

-Korleis jobbar de med det?

8. Nemner dykk intime kroppsdelar?

-Kvifor ikkje?

-Kva stoppar dykk?

(Me har sendt ut spørjeskjema i fleire barnehagar, der få svarar at dei har om temaet, og det sjeldnare enn ein gong i året.)

9. Kvifor trur du at få barnehagar har om temaet?

10. Har du nokon gong fått spørsmål frå foreldre angående barns seksualitet? Td. At dei opplever at barnet er interessert i kropp, utan at dei veit korleis dei skal reagere.

11. Tek de opp temaet seksualitet med personalet?

-Kva tek de opp?

12. Føler du at barns seksualitet er eit tabubelagt tema?

13. Tykkjer du det er vanskeleg/flaut å prate om barn som tar på seg sjølv?

14. Har du opplevd barn som tar på seg sjølv?

-Kva gjorde du?

15. Kva tenkjer du om barn som tar på seg sjølv?

16. Har de like grenser i personalet for korleis de reagerer på barn som tar på seg sjølv?

-Korleis reagerer dykk?

17. Har de barnebøker/puslespel i barnehagen angående kropp og seksualitet?

-Har det bøker om kropp og seksualitet til personalet?

18. Har barna lov til å prate om rumpe, tiss, og så vidare i barnehagen?

19. Korleis føregår do-ordninga i barnehagen?

-Får barna gå saman, på tvers av kjønn?

-Er døra lukka eller open?

20. Har de reglar på avkledning om sommaren?

-Korleis er reglane rundt det å kle av seg om sommaren?

- Barn/vaksne?

21. Er det noko meir du ynskjer å sei om teamet?

22. Tykte du det var ubehageleg å snakke om dette?

-Kvifor/kvifor ikkje?